

GUBBETRIMMEN

ÅRSMELDING 2006-2007

1: Tillitsvalde:

Johnny (Sjefstrenar)

Dag (Referent)

Erling (Sjef stigningsløp)

Turid (Leiar utmerking, honnør og prisutdelar på alle tilstellingar)

2: Møter:

Det har vore halde 1 møte i perioden. Det har elles vore mykje kontakt innad i gruppa via epost, sms, blogg og det sosiale kvartèr. .

3: Økonomi:

Medlemmene i Gubbetrimmen har stort sett god økonomi. Det er likevel behov for å kanalisere ein del av desse midlane inn i Gubbetrimmen for å utvikle organisasjonen vidare.

4: Treningar:

Etter ein god sommarferie, starta vi oppatt 19. august til første offisielle fellesøkt.

10 personar møtte og dermed var vi i gang. Som vanleg held vi oss mest mogeleg unna asfalt og brukar Golfvegen med "tilliggande herligheter".... Utover hausten var frammøtet imponerende stabilt, i og med at vi så godt som alltid låg over 10 frammøtte. Etter jul har dette auke endå meir og førebels toppnotering vart gjort 3.februar då heile 18 stk. deltok på treninga. Det er og ei glede å kunne meddele at snittalderen på gruppa har gått monaleg ned i og med at Åsmund og Astrid har møtt regelmessig.

Treningane har som vanleg bestått av intervall-trening i ulike variantar – stort sett etter det som sjefstrenaren til ei kvar tid synes har passa best for seg han sjølv.

5: Arrangerte stemner og kurs:

Gubbetrimmarane tek del i mykje av det som føregår i bygda, og spesielt det som skjer i Jølster Idrettslag. For Friidrettsgruppa er denne organisasjonen nesten "eit vere eller ikkje-vere". Det same gjeld om endå meir for Jølster Maraton.

Vi nemner i fleng arrangement der medlemmer i Gubbetrimmen er med:

- Terrensløpskarusellen.
- Friidrettskarusell på bane.
- Løpskarusell for SYS.
- JØLSTER MARATON.
- UM2006.
- KM i friidrett i Førde 18. juni.
- DM Friidrett på Byrkjelo.
- Trekkstrasèen Opp.
- Karusellrenn på ski.
- Friidrettens Dag

Kurs:

Det har ikkje vore deltakarar på kurs i 2006-2007.

6: Resultat:

Sjølvsagt om vi er mange som trenar, er det ikkje like mange som viser fram sine kapasitetar i konkurransar. Det er kanskje like greitt!! ?? Vi konkurrerer sikkert for lite, men er det eigentleg så nøye? Eit lysande unntak er Kjell N. Som før nemnt: Han eig ikkje konkurranse-skrekk! Han er krinsmeister i terrengløp i 2006 i si klasse og han er den ein av tre i gruppa som klarar å springe Mila under 40 minutt. Ser vi på stafettane er her fleire som deltek. Kjell Ø og Johnny er med på seniorlaget til Jølster på Holmenkollstafetten og bit godt i frå seg på sine etappar. Vi har deltakarar med på både Olden, Breim og Naustdalstafetten. På sistnemnde vann vi likegodt veteranklassen med desse Gubbane på laget: Magne, Kjell N. Roald og Johnny. Og ikkje berre det: Kjell Ø deltok på seniorlaget som vart nr. 2.

7. Trenarar, leiarar og utøvarar:

Organisasjonen er stort sett sjølvgåande. Om sjefstrenar eller sjef for stigningsløp med vara ikkje møter, klarar dei andre å gjennomføre ei god trening. Organisasjonen rekrutterer stort sett utøvarar frå nedre Jølster med nokre få unntak: Store-Anders er godt integrert, og i år har vi også fått med oss delar av familien Vågane. Det har vore veldig kjekt for oss andre, i tillegg til at det har fått ned snittalderen noko alvorleg....

Vi håpar og trur at endå fleire i Jølster finn ut at det vi driv med er heilt ufarleg og torer å stille opp. Skulle vi kanskje innføre ein "vervepremie" for den som klarar å rekruttere ein ny person på treningane?

8: Anlegg/utstyr:

Vi rår over lite anlegg og lite "utstyr" i gruppa. Oppslagstavla på garasjen til Rune er vel det einaste. Båtsleden vert aldri meir nemnd.....

Det må nemnast at Gubbetrimmen ikkje står tilbake for noko som helst når det gjeld å ta i bruk moderne verktøy. Epost, Heimeside og SMS er for lengst aktivt i bruk. Det siste nye er "Gubbebloggen". Dette verktøyet vart litt nølande lansert rundt årsskiftet, men må seiast å ha vorte ein "slager". Som Erling så treffande sa det: "Dar finnje eg fram...."

9: Oppsummering:

Sesongen 2006-2007 er den beste sesongen i Gubbetrimmen si historie. Korleis då? Jau, i vår organisasjon er frammøtte det som er førande for om vi lukkast eller ikkje. Vi har sidan oppstarten i august fram til og med påske gjennomført 36 treningar. Om vi reknar i snitt 10 frammøtte pr. trening er dette 360 timar trening!

Målet for neste sesong må vere å sjå 20 personar på trening.

Med dette vil eg takke så mykje for arbeidsåret 2006-2007.

Vassenden 13.04.07

Johnny
(Sjefstrenar)